

NORSK-ESTISK KULTURNYTT

Tidsskrift for Estlands-interesserte. Utgitt av Norsk-estisk kulturlag (Norra-estti kultuuriühing). Opplag 1.000. Redaktør: Turid Farbregd, Granvågen 14 A 36, SF - 00270 Helsingfors, Finland. Tlf. (095-358-0-) 477 1 488. Grafisk utforming: Trond Trosterud. Redaksjonen avslutta 23.2. Frist for stoff til neste nummer 10.5. I samarbeid med Estlandsforeninga i Rogaland og Baltikumkomitéen i Trondheim går bladet også til medlemmene deira.

ÅRSMØTET - DEN ÅRLEGE FESTEN VÅR - 30. MARS

Med dette blir det kalla inn til årsmøte i Norsk-estisk kulturlag.

Tid: Måndag 30. mars 1992 klokka 18.00.
Stad: Harbitzalléen 24, ved Skøyen, Oslo, trikk nr. 9 til Abbediengen.
Saker: 1. Konstituering av møtet. 2. Årsmelding. 3. Rekneskap
4. Arbeidsprogram. 5. Budsjett. 6. Fastsetjing av kontingenten.
7. Val. 8. Eventuelt.

Etter møtet blir det te/kaffi med rundstykke og ein fersk film frå ei reise i januar 1992. Det er høve til å kjøpa bøker o.a. Framfor alt blir det inspirerende samvær med estarar og estlandsvenner.

Kulturlaget er inne i ei rivande utvikling der arbeidet stadig forgreiner seg til nye felt og nye delar av landet. Samtidig har det vore ei fantastisk tilstrøyming av nye medlemmer. Både nye og gamle skal ha takk for innsatsen. 30. mars håper me å koma saman alle som har høve til det.

KURS I ESTISK SPRÅK

Noko av det gledelegaste me kan melda om frå seinare tid, er dei språkkursa som alt er sette i gang eller som er planlagde utover våren fleire stader i landet: Ski, Trondheim, Steinkjer, Sola, Bømlo...

Liksom Berit og Ivar Otto Iversen vart dei første som drog til Estland og heldt kurs i norsk, var dei òg initiativtakarar til det første kurset i estisk i Noreg. Kurset vart annonsert i førre nummer av Kulturnytt og starta på Ski i slutten av januar med 25 elevar som vart delte i to grupper. Lærar på kurset er 23 år gamle Tiit Vilu som sjølv kom til Noreg våren 1990 og lærte norsk på utruleg kort tid. Ikkje berre har ho språkleg givnad, ho er også ein inspirerande lærar. Deltakarane har ikkje tenkt å gi seg med den første innføringa, så det blir alt planlagt kurs for vidarekomne. Både Østlandets Blad (20.1.) og Aftenposten (28.1.) har store oppslag om prosjektet på Ski.

Triinu Wiiburg, leiar for Baltikumkomiteen i Trondheim har meir i det stille sett i gang med det første estiskkurset der i byen. Ho er dotter av eksilestarar og er komen til Noreg frå Sverige.

Alt i alt gir verksemda von om god rekruttering til estisk som universitetsfag i Oslo. Der har det ikkje vore slik framgang enno som mange hadde venta. Det har samanheng med ein mangeårig bølgedal for finsk-ugriske språk etter at professor Knut Bergsland vart pensjonert. No ventar me at nokon endeleg skal ta opp arven etter han. Det er ledig professorat i finsk-ugrisk i Oslo.

KURS I ESTISK SPRÅK OG KULTUR

blir halde i Tartu 13.-26.7.1992. Kulturlaget samarbeider med søsterorganisasjonen i Finland om dette prosjektet og det stod ei lita kunngjering om det alt i desember. Fleire lesarar har ringt eller skrive for å få meir informasjon. Etter kvart blir det fart i påmeldingane også. Kurset tek sikte på deltakarar frå mange land og nyttar av den grunn engelsk som undervisningsspråk -

eventuelt nordisk (dvs. svensk) dersom det er mange nok nordisktalende deltakarar til at dei kan utgjera ei eiga gruppe. For dei som kan litt estisk frå før, blir det halde nivåprøve.

Kurset blir arrangert i samarbeid med universitetet i Tartu. I tillegg til språkundervisninga vil framstående ekspertar på ymse sider av kulturliv og samfunnsliv føreleser på engelsk/nordisk om spesialfelt sine. Innkvarteringa er på hotell "Pro studiorum". Måltida er ordna med morgonmat på hotellet, lunsj i kafeteriaen på universitetet, kveldsmat på varierende vis avhengig av programmet som m.a. omfattar både lange og korte ekskursjonar. F.eks. er det meininga å gjera ein tur til Narva-området i det nordaustlege Estland og ein annan til Haapsalu på vestkysten.

Me har tidlegare nemnt ein omtrentleg pris på kr 4.000-4.200 rekna frå Oslo. Prisen er framleis bare omtrentleg, for situasjonen i Estland gjer det umulig å setja opp meir nøyaktige tal så lang tid i førevegen. Når du melder deg som interessert, vil du få meir informasjon etter kvart som den bli tilgjengeleg.

NASJONALDAGANE

er viktige både for nordmenn og estarar. I det stykket er me svært like og viftar gjerne med store og små flagg når me får eit påskot. 24. februar feirer Estland nasjonaldagen sin for første gong etter at sjølvstendet vart gjenoppretta. Det er ein dag med glede, men i trengsel. Alt vart så annleis enn folk hadde tenkt seg det i førevegen. Norsk-estisk kulturlag ønskjer estarane til lykke med det som er oppnådd og vil stå ved deira side også i desse vanskelege tidene som no skal gjenomlevast.

Den estiske nasjonaldagen blir markert fleire stader i Noreg. I hovudstaden samarbeider Kulturlaget med andre estiske organisasjonar om ei markering i Gamle Logen. Formann i festkomiteen er Tiit Anderson frå Estisk Selskap i Norge (eksilestarane sin organisasjon). Dei andre komitémedlemmene er Enn Anderson, Ivar Otto Iversen og Anne-Johanne Kolrud. Som hovudtalar har dei fått Helga Hernes. Kanskje

blir det også ein estisk talar. Dessverre må redaksjonen setja absolutt sluttstrek dagen før av omsyn til avtalar om trykking og ut-sending. Derfor får me ikkje med nærare referat frå denne feiringa.

Norsk-estisk feiring av 17. mai blir planlagt med arrangement i Estland og med estiske gjester i Noreg. F.eks. kjem det ca. 30 personar frå Türi til Frogn i Follo.

INFLASJONEN

galloperer med aukande fart. Minimumslønna vart 1. januar sett opp til 410 rublar i månaden. Ein måned seinare til 600 rublar. Men ein lønnsauke på 50% held ikkje tritt med ei prisstiging på 200-300%. Så stor var auken på brød og mjølvarer 4. februar. I slutten av januar kosta mjølka 2,40 rublar for halv-literen. Etter prisauken i februar var prisen 7,50. (Ein halv liter var den mengda ein kunne kjøpa på ein gong.)

Her tek me med nokre fleire matvareprisar slik dei vart opplesne i radioen 22.2. Det er tale om kiloprisar, og dei var noterte i Tallinn. Røykt pølse 150 rbl, knakkepølse 100, grisekjøt 100, poteter 15, løk 29, ost 200, smør 170

RASJONERING

Prisstiginga har mellom anna vore grunnlagt med at det var nødvendig med skikkeleg betaling for at produsentane skulle gidda å levera produkta. I praksis gøymer produsentane unna varer og ventar på at prisane skal stiga enno meir, eller at den estiske krona skal bli innført. Mange har heilt urealistiske forestellingar om kva eigen valuta vil innebera for Estland. 10. januar vart det funne eit hemmeleg smørlager ved Tallinn der det låg ein million kilo smør og godgjorde seg. Det er sannsynleg at det finst fleire lager av viktige varer rundt omkring.

For å sikra alle ei viss mengd av viktige grunnleggjande matvarer vart det 11. januar innført rasjonering av mjølk, brød, smør og ost. Ved hjelp av rasjoneringskorta skulle kvar og ein få ein halv liter mjølk for dagen,

1,5 kilo brød for veka, 400 gram smør i månaden og 0,5 kilo ost på tre månader. I praksis var det bare barn under tre år som fekk nytta godt av mjølkerasjonen. Dei små brødkvotane vart eit problem for pensjonistane som ikkje hadde råd til dyrare matvarer. Dei fekk rett og slett for lite å eta. I Tallinn er det oppretta matstasjonar der gamle kvar dag kan få eit gratis suppemåltid.

Styresmaktene prøver å innskjerpa kravet om at ingen får kjøpa visse varer utan å visa legitimasjon som prov på at dei bur i Estland. Dersom nokon bryt mot dette, vil butikksjefen straks få sparken.

I den russiskdominerte byen Narva i nordaust har det tidlegare vore stor stemning for å bli ein del av Russland. No har Narva kravd strengare grensekontroll for å hindra at russarar frå austsida av grensa kjem og kjøper opp det som finst i butikkane.

Mange stader er også vestlege turistar eit problem, først og fremst finnane som har kort veg. Særleg er det ille i Viborg og området der omkring. Offisiell kurs på finske mark (1 mark = 70 øre) var ved årsskiftet ca. 25 rublar. Det betydde i praksis at finnane f.eks. kunne få 8-10 boksar fiskehermetikk for ei mark (om lag kr 1,45). Det er billig mat for lang tid! Men kva skal dei eta som bare har rublar å betala med?

ENERGIKRISA

gir seg mange utslag. Dagleg melder radioen kva fly som er innstilte. Det kan gå nokre dagar mellom postutkjøringane. Bensinprisen gjekk 7. februar opp til 13 rublar og 14 kopek. Samtidig vart det i Tallinn hevda at bensin ikkje var å få verken for rublar eller utanlandsk valuta. Husværa er kalde, arbeidsplassane likeså. Elevane hutrar saman med lærarane på iskalde skular.

Ei melding i estisk radio 20. februar er typisk. Det var kome humanitær hjelp til Estland frå Danmark i form av sukker. I byane i det nordaustlege Estland skulle kvar person under 15 år få eit kilo sukker. Radiomeldinga vart avslutta med følgjande ord: "Sukkeret vil bli utkjørt straks det kan skaffast bensin til transporten."

Det kjem vel med at det 28.1. vart sett

varmerekord i Tallinn: + 6,9 grader Celsius er den høgaste januartemperaturen som er målt. Varmen vart oppvegen av sterk frost som sette inn i midten av februar. Gammaldags vinter, som det heiter.

STATOIL

fekk endeleg i januar den etterlengta avtalen om oppretting av bensinstasjonar i Estland. Etter at forhandlingane begynte, hadde det teke firmaet halvtanna år å koma så langt. Dei to første bensinstasjonane skulle leggjast til Tallinn, men dei lokale styresmaktene ville ikkje gi tomter uten at estiske firma kom inn som medeigarar. Og slik stod saka til dess m.a. energikrisa fekk regjeringa til å gripa inn. Eesti Statoil er det første firmaet som er etablert i Estland med 100% utanlandske eigarinteresser. Så er det vel rett å stilla spørsmålet: Har store stygge Noreg utnytta situasjonen og brukt vald mot vesle Estland?

Den norske staten og Statoil leverer olje og bensin for 10 millionar kroner til Estland. Den halvparten som staten står bak, er ei gåve. Den andre halvparten skal betalast tilbake om to år.

Den første lasta med norsk drivstoff kom med eit lite tankskip til øya Saaremaa (Ösel) 15. februar. Nokre dagar seinare kom ei ny last. Når det kjem slik i små porsjonar, er det fordi hamna ikkje kan ta imot store skip. I det heile har det vore noko nytt for Estland å ta imot olje sjøvegen. Tidlegare har den kome med tog over austgrensa, men for Estland er det no viktig å byggja ut alternative system.

HELSEVESENET

har problem som me vanskeleg kan forestilla oss. Medisinar og utstyr kom frå andre delar av det tidlegare Sovjet, no blir ikkje avtalane om leveransar haldne. Kva fører det til? F.eks. har ikkje Estland fått vatt-forsyningar på eit halvt år. Pasientane kan måtte ta med eige forbindingsutstyr - og gjer det sikkert gjerne når alternativet kan vera gjenbruk av sjukehuset sine bandasjar (sjølvsaft grundig

vaska, kokte og steriliserte, men likevel...). Hjelpesendingar med medisin frå utlandet har eit svært tilfeldig innhald, og det blir ofte teke lite omsyn til kva det er bedt om eller behov for. Mykje av den utanlandske medisinen har ei datomarkering som gjer varene ukurante i givarlandet; estarane er usikre på korleis dei skal forhalda seg til slike preparat.

Bensinmangelen har ført til at sjukebilane har problem med å rykkja ut. Menneske har døydd som truleg kunne vorte berga om dei hadde fått rask hjelp.

INNSAMLINGAR TIL ESTLAND

blir det meldt om frå fleire kantar av landet. Dei er svært ulike både når det gjeld innhald og omfang. Men alle saman er dei uttrykk for ein sterk vilje til å gjera noko konkret. Her tek me med nokre eksempel.

Baltikumkomiteén i Trondheim (sjå adresselista bak i bladet) har oppretta postgirokonto som ein kan betala inn til heile dette året. Noter kontonummeret: 0825.0188480. Du kan få god bruk for det neste gong du går på postkontoret. Innsamlinga går under namnet "**Hjelp til Estland**". Fram til 21.2. var det kome inn 25.000 kroner som skulle delast likt mellom gamle og barn og gå til matvarer. **Triinu Wiiburg** og **Helga Kristin Johnsen** melder at første lass med matvarer vil vera framme alt i slutten av februar. Overleveringa bli kombinert med skuleturen til 3. klasse ved Trondheim katedralskule.

Estlandsforeninga i Rogaland sette i gang ei rask pengeinnsamling og fekk på 2-3 dagar inn om lag 60.000 kroner som dei kjøpte matvarer for, og sende i veg eit lass til Estland 10. februar. Ei ny sending ventar alt på transport. **Time kommune** gav utan tvilking 10.000. Det kan setja eit fint eksempel for andre kommunar. Og bankane er slett ikkje så ille som me stundom trur; **bankane på Bryne** skaut til 12.500 kroner. Resten av pengane vart reiste på arbeidsplassar o.lkn. i Stavanger og Haugesund.

Alt i januar drog rogalandingane over med sportsutstyr og matvarer som gjekk til Pärnu og Tallinn. Dei tre kontaktpersonane for desse innsamlingane er Olav Berg frå Stavanger Røde Kors, Harald Figved frå idrettsadministrasjonen i Stavanger og Willy Jensen frå Estlandsforeninga i Rogaland.

Aksjon datahjelp kan me lesa om i Stavanger Aftenblad 1. februar. Det viser seg å vera ei lokal aksjonsgruppe på Sandnes som vil senda brukt datautstyr til Estland. Aktivistar er **Jan Kaspersen**, **Alv Brue-land** og **Arne Dragsund**. Sistnemnde, som er rektor på Øksnevad jordbruksskule, har også vore med på å byggja opp jordbrukskontaktar med Võru i det søraustlege Estland. Bøndene i Rogaland organiserer ein maskinstasjon i Võru. Nettopp dette, at ein har ein samarbeidspartnar eller mottakar på estisk side, er eit viktig prinsipp. Det er ein garanti for at arbeidet gir resultat.

Asbjørn Windstad fortel om eit initiativ frå Romsdal som går ut på å samla inn sportsutstyr til barn og unge. Idéen har oppstått i sykkelmiljøet der borte, men dei går til oppgåva med stor iver og vil gjera det til eit landsomfattande prosjekt der dei først og fremst vender seg til idrettsmiljøet.

Justus kristelege ungdomskor frå Ski var nyleg i Estland med eit lastebillass mat til Viimsi kommune.

Esther Gielge, som slutta seg til Kulturlaget i Noreg, er eigenleg frå Austerrike og underviser no i tysk på Lærarhøgskulen i Tallinn. Samtidig har ho tusen andre jern i elden. No har ho skaffa jordbruksmaskinar frå fødelandet - 22 tonn jern blir leverte i mars med ein trailer som også er ei gåve til Estland.

Foreninga Norden var nemnd alt i førre nummer av Kulturnytt. Organisasjonen har teke initiativ til fleire innsamlingar som held fram enno. Det galdt sjukehusutstyr, skulemateriell, utstyr til kunstnarar og musikarar. Innsamling av bøker var eit stort prosjekt med oppslutning av Foreiningane Norden i alle dei nordiske landa.

SIRDALS-FOND

Sirdal har vorte ein estisk bastion i Noreg. I førre nummer kunne Kulturnytt fortelja om eit busslass lærarar som hadde besøkt Tallinn. I veke 13 er det gjensisitt av eit busslass lærarar (30-35 personar) frå Estland. Til finansiering av arbeidet har sirdølane oppretta eit fond som blir oppbygd ved at ein viss del av lønna blir fråtrekt til det føremålet. Dette er igjen eit eksempel til etterfølging.

FOLLO-PROSJEKTET

I samarbeid med Frambu Helsecenter går follokommunane (dvs. Enebakk, Frogn, Nesodden, Oppegård, Ski, Vestby og Ås) inn for å hjelpe funksjonshemma i Estland. Mellom anna vil dei gi informasjon og opplæring til pleie- og omsorgspersonale i institusjonar / barneheimar som har barn, ungdom og vaksne med funksjonshemming.

Den førebels arbeidsgruppa har følgjande samansetjing: Iver Berg-Olsen, ungdomssekretær i Frogn; Bjørn Loge ordførar i Frogn; Svanhild Larsen, rådmann i Frogn; Matti Sormul, NorEst Impex a/s Ski; Knut Nilsen, direktør på Frambu Helsecenter; Ivar Otto Iversen, tidlegare skulesjef i Ski.

Prosjektet hadde tre representantar med på rundreisa som SOS Baltikum gjorde i slutten av januar. Dei fekk dagsaktuell innsikt i situasjonen og knytta kontaktar slik at opplegget kunne bli i samsvar med ønskje og behov i Estland.

Østlandets Blad melde 17.1. at det alt var planar om å invitera 16-20 estarar, både pleiepersonell og representantar for lokale styresmakter, til Frambu. Samtidig blir det lagt vekt på norsk fagleg nærvær for kortare eller lengre tid ved institusjonane i Estland.

DEI ANDRE ORGANISASJONANE

Ulike former for innsamling har prega arbeidet mange stader. Her litt om andre aktivitetar.

* **Baltikumkomitéen** i Trondheim vart omtalt alt i Kulturnytt 5, 1991 og er dermed på sett og vis ein gammal kjening. Dei kan gjerne presenterast litt nærare:

Då organisasjonen vart danna 9.10.91, var målsetjinga å oppretta kontakt med universiteta i Baltikum, invitera dyktige foredragshaldarar, utgjera eit forum for baltisk interesserte, sørgja for sosialt samvær for stipendiatar frå dei baltiske landa, ha eit ferdig nettverk i situasjonar der det er nødvendig med rask innsats.

Triinu Wiiburg hadde vore initiativtakar og vart vald til leiar. Ho er 31 år gammal tobarnsmor. Som barn av eksilestarar i Sverige har ho vore aktiv i estisk verksemd i grannelandet før ho flytta til Noreg og no er student ved historisk institutt på Dragvoll. Kombinert nestleiar og sekretær vart **Knut Busk** som mellom anna har bakgrunn i Norsk Studentunion og er i ferd med å avslutta studiet på bygglinja ved NTH. Den tredje viktige posten i styret gjekk til den estiske folkehøgskuleeleven **Kaarina Ritson** på Rødde Folkehøgskole i Melhus; ho vart kasserar etter bare halvannen månad i Noreg.

Alt i haust var det nokre arrangement med foredrag av Olav Fagelund Knudsen frå NUPI (Norsk utanrikspolitisk institutt) og Kaja Tael frå Estisk Institutt i Tallinn.

Baltikumkomitéen la ned ned mykje arbeid på ei baltisk fotoutstilling. Teknisk hjelp var innhenta frå Museumstjenesten. Utstillinga opna 21.1.92. då dei framkomte også fekk sjå lysbilete frå Estland og ein videofilm frå i september.

For 19.2. stod besøk hos **Finn Radmann** på programmet. Han er disponent i Radmann-gruppen som har gått inn med industriltak i Estland. Prosjekta hans har også omfatta merkantil og teknisk opplæring av estarar på kurs både i Noreg og i Estland. Dette er den typen kompetanseoppbygging som det norske utanriksdepartementet gir støtte til.

Eksilestaren **Andres Küng** frå Malmö har lova å halda foredrag i Trondheim. Han er ein kjend skribent som har gitt ut mange bøker om Baltikum generelt og om Estland spesielt.

* **Estlandsforeninga i Rogaland** planlegg stor invasjon i Estland i mai i samband med konsertar av **Stavanger symfoniorkester** og kunstutstillingar med arbeid av målarar **Roland Lengauer** og skulptøren **Kjell-Pahr Iversen**. Dette vonar me å koma meir detaljert tilbake til, men dei som vil vera med i charterflyet, bør straks melda frå til Willy Jensen. Telefonnummeret er oppgitt i adresselista bak i tidsskriftet.

* **Foreninga Norden** arrangerte under tittelen "Norden i Europa" eit stort møte i Det Norske Teatret 19.2.92 i forlenginga av at 40-årsjubileet for Nordisk råd vart markert i Oslo. Møtelyden kunne mellom anna gle seg over talen til statsminister **Gro Harlem Brundtland** som klart indikerte at Baltikum høyrer med til Europa og at dei nordiske landa har eit spesielt ansvar for dei tre små grannane i aust.

SPEIDARANE

frå Oslo Nordmarka Krets går vidare med det dei begynte då dei la leiren sin til Estland sommaren 1991. **Otto Karud** har sendt oss ein del tilleggsmateriale om leiren og materiale om oppfølginga av prosjektet der planane alt blir lagde framover til 1993.

Dei hadde estiske speidervener på arrangementa sine i november, og 18. januar var det norsk deltaking då speidarane i Estland heldt ein samla årsfest som samla alle dei fem forbunda. Den estiske speidarrørsla har vore sterkt splitta, men samarbeidet med nordmennene har hatt ein samlande effekt, noko som også var eitt av måla med engasjementet frå norsk side.

Tida 22.-27. februar er det ei fellessamling i Estland m.a. med leiarkurs. Dei 20 deltakarane frå Noreg skal bu heime hos estiske speidarar for å få betre innsikt i kvardagslivet. På programmet er det også sett av tid til kulturinnslag og til feiring av nasjonaldagen 24. februar.

ØST-VEST AKADEMIET

Nord-Trøndelag fylke har gjennom flere år bygd opp kontaktar med Øst-Europa. Dette har ført fram til opprettelsen av Øst-Vest Akademiet som skal initiere og videreføre konkret samarbeid med Estland og Hviterussland. Øst-Vest Akademiet skal utvikle egen relevant kompetanse og kan vere rådgiver for bedrifter og andre som engasjerer seg i konkret samarbeid.

Videre er det etablert servicekontorer i Minsk og i Tallinn. Hensikten er å utvikle nye arenaer for samarbeid og samhandel med Øst-Europa - et marked på henimot 300 millioner mennesker. Eksport av produkter og tjenester fra norsk bygg- og anleggsbransje

har høy prioritet.

Slik Øst-Vest Akademiet ser det, er næringslivet det økonomiske fundamentet for all annen aktivitet, men for å få noe meningsfylt ut av samarbeidet, er det også viktig å satse på utdanning og generelt på kultur. Videre er det et mål å bistå i oppbyggingen av lokaldemokrati og offentlig forvaltning.

Prosjektet har tilknyttet en rådgivende prosjektgruppe bestående av representanter fra Norges Teknisk-Naturvitenskapelige Forskningsråd, Næringslivets Hovedorganisasjon, Nord-Trøndelag Bondelag, Det regionale høgskolestyret for Nord-Trøndelag og fylkeskultursjefen i Nord-Trøndelag.

Alt i alt er dette et seriøst prosjekt, og Norsk-estisk kulturlag ønsker lykke til med arbeidet.

Annonse

Nord-Trøndelag har opprettet et

SERVICEKONTOR I TALLINN

Kontoret skal i første rekke koordinere virksomhet knyttet til Øst-Vest Akademiet, men påtar seg også oppdrag for andre som satser østover.

Leder for kontoret er sivilingeniør Hillar Joon som snakker flytende engelsk. Han kjenner "forretningskulturen" i Estland, og kan for et svært rimelig vederlag bestille hotell, reiser m.v. for rubler.

Nærmere opplysninger får du av Svein-Erik Mordal og Audun Burheim Kompetansesenteret, Seilmakergt. 2, 7700 Steinkjer
Tlf.: 077 - 45 500. Fax.: 077 - 45 550.

Annonse

REISER DU TIL ESTLAND MED JERNVEG ELLER PÅ ASFALTVEG?

Begge desse vegane fører til Stockholm der **ESTLINE** hjelper deg vidare sjøvegen. Det går båt annankvar dag klokka 17.30 frå Stockholm. Om bord på den kan ein eta og sova seg fram til Tallinn neste morgon klokka 9.00.

Christoffer Kahrs i styret for Norsk-estisk kulturlag er agent for Estline. Han deler provisjonen sin med Kulturlaget. Ta kontakt med Kahrs når du skal ha båtbilletter til Tallinn.

Tlf. 02 - 28 61 39 eller 02 - 29 58 22.

VISUM TIL ESTLAND

er framleis nødvendig. Og for å få visum skal ein ha invitasjon eller kunna dokumentera at ein har overnattinga i orden. Det er nemleg altfor liten hotellkapasitet i landet.

Visum blir utskrive på grensa når ein kjem til Estland. Ein kan også skaffa seg visum i førevegen frå konsulatet i Oslo, frå Estlands ambassadar i Stockholm eller Helsingfors.

Skjema for visumsøknad kan du få frå Kulturlaget eller f.eks. frå ein av dei nemnde stadene. Det kan kopierast opp i så mange eksemplar som ein treng om ein f.eks. reiser fleire i lag. Særleg om du skal ha visum på grensa, er det greit å ha alt utfylt og eit pass-bilete klar. Visum skal betalast med ei avgift som varierer alt etter om ein f.eks. vil reisa inn i landet fleire gonger med same innanfor eit visst tidsrom.

REISEMÅL I BALTIKUM

er blitt vanlegare dei siste åra. Og reiseglade nordmenn har kunna registrera at det er enorm skilnad på reiseoperatørane. Kulturlaget ber folk senda rapportar om erfaringane sine; me samlar opplysningar i ein "bank" slik at me kan foreslå pålitelege turoperatørar for grupper og andre som tenkjer seg til Estland.

Mæhlareiser på Steinkjer har arrangert bussreiser over det meste av Europa i 20 år. For mange år sidan var dei først ute med bussreiser frå Trøndelag til Leningrad. Sidan vart dei pionerar i Estland/Baltikum. Alt-muligmannen **Ants Sormul** har vore ein viktig hjelper for dette opplegget.

Annonse



MÆHLAREISER ^A/_S

Mæhlakorsen, 7700 Steinkjer

Tlf. (077) 44 143 / 44 291

VI HAR 20 ÅRS ERFARING SOM BUSSREISEARRANGØR OG HAR NÅ SPESIALISERT OSS PÅ ESTLAND/BALTIKUM

- GRUPPEREISER MED BUSS BÅDE FRA TRØNDELAG OG RESTEN AV NORGE

- HOTELLBESTILLINGER, FERJEBILLETTER OSV. FOR MINDRE GRUPPER OG ENKELTREISER (AGENT FOR REDERIET ESTLINE STOCKHOLM-TALLINN)

- SPESIELT FOR JEGERE OG FISKERE: JAKT- OG FISKEMULIGHETER PÅ ØYA MUHU I ØSTERSJØEN

Vi samarbeider med reisebyrået MAIVE LTD i Tallinn.

ESTISKE BILSKILT

er tekne i bruk. Dei første var å sjå på vegane ved juletider, og med tida får alle kjøretøy estiske skilt: Tre tal og tre bokstavar med svart skrift på kvit botn. Det begynte med 001 AAB. Derimot er det ikkje avgjort kva for bokstavar som skal stå for nasjonsnamnet. Somme vil ha det gamle EW av "Eesti Vabariik", dvs. Republikken Estland. Ja, seier somme, det er vel og bra det, men bokstavane er politiske! Sett at Estland blir kongedømme eller keisarrike?! Den internasjonale standardiseringsorganisasjonen har to forslag: EE, og EST.

POSTEN

ser ikkje ut til å koma fortare fram endå om det er oppretta direkte postsamband med mange land. Estlands radio fortalde 9.2. at brev frå utlandet måtte hentast av mottakaren på postkontoret, dette på grunn av at innbrot i postkassene var så vanlege. Vandalane er på jakt etter brev frå utlandet som dei bryt opp i von om å finna pengar. Og det kan sjølvstakt tenkjast at kunnskapen om den materielle nauda har fått estarar og andre i Sverige, Tyskland, Kanada osv. til å leggja ved nokre setlar når dei skriv til slektningar og venner.

I midten av februar forsikra estisk radio at dei var komne så langt at dei sorterte posten frå Finland og Sverige etter kvart som sendingane kom til landet. Derimot var dei enno svært på etterskot f.eks. med posten frå Amerika som kunne vera send på ettersommaren eller i haust ein gong og no venta å koma ut til dei estiske mottakarane. Ein del post til det tidlegare Sovjet hadde hopen seg opp i Bremen fordi St. Petersburg ikkje hadde kapasitet til å ta imot postskipa. Det vart då gjort avtale med det finske postverket om hjelp til å få postberget vidare. Finnane sorterte postsekker i fleire månader.

Postgangen lir sjølvstakt som alt anna av bensinmangel. Syklar er det etter måten lite av, men mange prisar seg no lykkelege over at den er oppfunnen. Men heller ikkje den løysar problemet når det i Tallinn er mangel på postbud - om lag 300 delt på 289

postruter. Skal me då sjå det som ei trøyst at det er naud på konvoluttar og frimerke? På den måten blir postvolumet halde nede. Like før årsskiftet vart portotakstane tredobla; det gjorde også sitt til tøyma skrivekløen.

Postverket har mangel på personale og har derfor ikkje hatt råd til å etterleva språklova. Halvparten av postfunksjonærane er russarar som no skulle kunna hjelpe kundane på estisk også, eller så mista jobben. På andre sida er det nødvendig at dei tilsette lærer vestlege språk som engelsk og tysk fordi det stadig oftare blir bruk for slik kunnskap i arbeidet.

TELEFONEN

set grå hår i hovuda på mange, og særleg på dei som ringjer i vanleg kontortid. Då er trafikken stor. Skal Baltikum bli ein del av Europa, må dei integrerast teleteknisk.

Mobiltelefonen har vist seg som det mest effektive kommunikasjonsmidlet og spela ei stor rolle under kuppforsøket i august. Faktisk er det hevda at den var ei viktig årsak til at forsøket mislykkast. Det var nemleg umulig å skjera av alle kontaktar innanfor landet og med utlandet.

Svenskar og finnar har gått saman med Estland i firmaet Eesti Mobiiltelefon der estarane har aksjemajoriteten med 51% og resten delt likt mellom dei to andre. Det systemet som blir utbygd er NMT 450. Nettverket dekkjer no Tallinn og Tartu og blir heile tida utvida.

Sjølvtendet viste seg raskt på telefonrekninga som gjekk opp frå 2,50 rublar til 20 rublar månaden. Dette er ei fast avgift, og når det gjeld lokalsamtalar, kjem det ingen samtaleavgifter i tillegg, det er ikkje teknikk til å rekna teljarsteg heller.

ALTERNATIV TIL PÅSKEKRIMEN?

Her presenterer vi et tilbud til deg om en anderledes spenning, for eksempel en av disse:

Same hav i oss alle, dikt av Jaan Kaplinski, gjendiktet av Turid Farbrege. 183 s. Gyldendal, 1988. Belønnet med Bastianprisen.

kr 100,-

Varulven og andre estlandske eventyr, 112 s. Norsk Barneblads Forlag, 1982.

kr 30,-

Dyade nr. 6, 1987. Temahefte om Estland og estisk kultur.

kr 30,-

Vi kan også tilby et oversiktlig og godt dokumentert moderne oppslagsverk om Estland, Latvia og Litauen:

The Baltic States, 270 s. Tallinn 1991.

kr 200,-

-->8--

Send bestillingen til Norsk-estisk kulturlag, Harbitzalléen 24, 0275 Oslo.

Jeg bestiller herved:

.....stk Same hav i oss alle	à kr 100 tils. kr
.....stk Varulven	à kr 30 tils. kr.....
.....stk Dyade 6, 1987	à kr 30 tils. kr.....
.....stk The Baltic States	à kr 200 tils. kr.....
Totalt kr	

+ porto

Navn (tydelig)

Adresse

Poststed

Dato og underskrift:.....

-----Klipp av og send inn-----

Til
Norsk-estisk kulturlag, Harbitzalléen 24, 0275 Oslo
Postgiro 0823 0985414.

Eg veit at Norsk-estisk kulturlag arbeider for å spreia kjennskap til estisk språk, kultur og andre tilhøve, og for å styrkia vennskapen og bygga opp allsidige kontaktar mellom det norske og det estiske folket. Eg er klår over at det er eit lag som ikkje lovar medlemmene personlege fordelar, men som tvert om vil ha medlemmer som er villige til å yta noko til beste for laget og dei sakene laget arbeider for. Eg melder meg som støttemedlem ____ / som aktiv medlem ____, og betaler medlemspengane (kr 100 for 1992). Ut frå dei opplysningane eg gjev om meg sjølv, kan laget kanskje finna eit felt der eg også kan medverka på andre måtar.

Eg er fødd år 19..... Utdanning:

Yrkeserfaring:

Interesser, hobbyar:

Namn:

Adresse:

Telefon:

Dato:

Underskrift:

Yrkesittel:

ESTLAND I DANMARK / PÅ DANSK

Den danske forfatteren, historikeren og omsetjaren **Søren Sørensen** har sendt ei konsentrert utgreiing om det som finst av litteratur om eller frå Estland i Danmark. Den blir her trykt nesten *in extenso*.

"Af skønlitteratur er det meget lidt. Rein Saluri og Arvo Valton er repræsenteret i to novelleantologier fra 1983 og 1988, men i en oversættelse via russisk.

Mere er imidlertid på vej og direkte oversat fra estisk. Forlaget Gyldendal har publisert at Jaan Kross' store roman *Tsarens galning* er på vej. Samme oversætter arbejder også med flere af Jüri Tuuliks noveller.

Danske romaner udspiller sig ofte uden for landets grænser (...) i januar 1992 udkom Egon Sørensens roman: *Djævelens ansigt* der har de estiske partisaner, "skovbrødrene" som centralmotiv.

På det faglitterære område står det ikke meget bedre til. Børnebogsforfatteren Marius Dahlsgaard udgav i 1928 reisebogen *Estland i Sommersol*, en bog der på mange måder har beholdt sin værdi; en eller to af de danske frivillige under Estlands frihedskrig har udgivet bøger om deres oplevelser. Af større værdi er den danske Tallinnkonsul Johannesens dagbog fra den samme periode; den er udgivet af Universitetet i Åbo sidst i 70-årene.

Hertugdømmet Estlands (dvs. den nordlige halvdel af det nuværende Estland) 125 årige tilknytning til kongeriget Danmark er et stort set negligeret område i dansk historieskrivning. Hovedværket, Niels Skyum-Nielsens *Estonia under Danish Rule*, er end ikke på dansk som man ser (trykt af Tusculanum Press, København 1981 i samleværket *Danish Medieval History. New Currents*). Et andet vigtigt værk er på tysk; det drejer sig om Vello Helks *Die Stadtschule Ahrensburgs auf Ösel in dänischer und schwedischer Zeit*, Lüneburg 1989. Også Knud Rasmussens *Die livländische Krise 1554-1561*, København 1973, er på tysk.

Til gengæld er kildematerialet til hertugdømmets historie vel dokumenteret i

Danmarks Riges breve, i Danmarks-Norges Traktater 1523-1750 og i Kancelliets Brevbøger vedrørende Danmarks indre Forhold i Uddrag i den relevante periode bindene 1523-1649). I norsk sammenhæng kan det være af interesse at Norges statholder 1642-1651, Hannibal Sehested, var født på Ösel i Estland (på estisk *Saaremaa*) og at der især under Christian IV går mange tråde mellem Ösel og Norge.

Dette fremgår blant meget andet av værket *Øerne i Østersøen* som udgives i 1992 på Gotlands Fornsal på dansk, svensk og estisk, skrevet af Søren Sørensen, der også er forfatteren til *Nordens Historie. En Folkebog*, udgivet af Nordisk Råd, hvori Estlands historiske relationer til Danmark, Sverige (og Finland) ligeledes er behandlet.

I de sidste par år har danske dagblade og tidsskrifter bragt artikler og kronikker om Estland og især estisk litteratur, men det vil føre for vidt at omtale dette. I enhver sammenligning er listen over litteratur om og fra Estland rystende spinkel. Der er håb om at den nye ambassadør Arvo-Jürgen Alas, som jo selv er litterat (og bl.a. oversætter Søren Sørensens værk til estisk), kan inspirere til at den bliver lidt længere."

ANNA BOKNYTT

Forlaget St Martin's Press i New York har gitt ut ei 346 siders bok med tittelen *Baltic Independence and Russian Empire*. Forfatteren er professor ved Boston universitet, **Walter Clemens**. Han har tidlegare gitt ut fire verk om sovjetiske problem og forholdet mellom supermaktene.

* Av dei 30.000 boktitlane utgitt i Estland i sjølvstendetida, hamna fjerdeparten på svartelista under sovjetregimet. Mellom 15 og 30 millionar bokeksemplar vart øydelagde i tida 1940-66. Fire bibliotek skulle likevel ta vare på to eksemplar kvar av dei bøkene som vart øydelagde. Slik har ein kunna trykkja somme av bøkene på nytt, men papirmangelen er eit stort problem. Det kan vera eit vanskeleg val: skal ein prioritera det nyskrivne eller det bortkomne?

... OG BLADNYTT

* I bladet *Videregående opplæring* nr. 5, 1991 skriv Hallvard Kåre Kuløy drivande godt om "Baltisk bakgrunn". Han skreiv den første artikkelen sin om Baltikum i 1963 og har sidan halde på. Han har oversikt over heile området og kan påvisa interessant likskap og overraskande skilnader.

I same nummer gjer Kristin Myhre-Nielsen greie for "IMTECs Øst-Vest-program" som mellom anna er støtta av UD og KUF. Det er eit initiativ til samarbeid mellom land på begge sider av det tidlegare jernteppet. Når det gjeld Estland, har IMTEC særleg engasjert seg i jordbruket og har i samarbeid m.a. med ti norske og like mange estiske jordbruksskular fått i gang ein del utveksling av lærarar og elevar. Ei vidareføring skulle bli samarbeid mellom yrkesskular.

* 1990 vart det i Estland utgitt 593 aviser og tidsskrift. Av dei 310 i hovudstadsområdet var 235 på estisk og 75 på russisk.

(Peeter Maimik til HeSa 3.12.91)

* Inflasjonen gjer at alle kvir seg for å gjera avtalar som betyr økonomisk binding. Avisene er forsiktige med å selja abonnement for meir enn eit par månader. Men 1. februar lovar Postimees abonnement ut året, dvs. 225 blad leverte heim til abonnenten, for 189 rubel. Det svarar til prisen på tre kilo pølse, blir det gjort merksam på.

BALTISK REVY

vart så vidt nemnd i Kulturnytt 4, 1991. Det er eit tidsskrift utgitt av Baltiska Institutet, Virebergsvägen 18, 171 40 Solna, Sverige; årsabonnement SEK 100. No er første årgangen fullført med to nummer fulle av interessant stoff. Redaktøren, Ivo Iliste, har all ære av tidsskriftet sitt som inneheld ei balansert blanding av kultur- og samfunnsstoff. Me nemner dikt av Viivi Luik og Jaan Kaplinski, novelle av Jaan Kross, artiklar av Andres Langemets, Marju Lauristin, Vaike Sarv, Aksel Tamm. I nr. 2 er gjengitt det lange essayet av Jaan Kaplinski, "Om fas-

cismen hos oss - och på andra håll", som først var trykt i tidsskriftet *Vikerkaar* nr. 7 og 8, 1988. Der blir det mellom anna påvist stor likskap mellom fascisme og stalinisme.

NY SALMEBOK

I alle estiske kyrkjelydar over heile verda vart det første søndag i advent 1991 teke i bruk ei ny salmebok: "Kiriku laulu- ja palveraamat". Ho er trykt i Piekssamäki i Finland i 50.000 eksemplar (+ 5.000 i Toronto for eksilestarar) og erstattar den gamle frå 1899. Som utgivar står Eesti Evangeelse Luterlik Kirik (Den evangelisk-lutherske kyrkja i Estland).

I praksis hadde estarane vore lenge utan salmebøker fordi dei gamle var trykte med gotisk skrift som mange har vanskeleg for å lesa i våre dagar, eller fordi dei rett og slett var sungne i filler. Den gamle salmeboka kom i fem opplag. Eit stort innhogg i salmebokmengda har det sjølvsaagt gjort at etter estisk skikk skal folk gravleggjast med ei salmebok i handa.

Den nye salmeboka har 484 salmer. Med tanke på heimeandaktar er det også lagt til ei bønnebok med bibelteksler for morgon- og kveldsbøn. I den gamle var det berre 28 estiske salmer; den nye har 172 medan resten er sette om frå andre språk. Det langvarige sambandet med tysk kultur har sett sterke spor både i tekst og tone. Annakvar salme har tyske røter. Ut frå geografisk og språkleg nærleik er det overraskande at færre enn 20 har kome frå Finland.

Hyggeleg er det å finna ein kjenning som "Kirken den er et gammelt hus" av L.M. Lindeman, her til tekst av Ivar Rammo på grunnlag av N.F. Grundtvig (nr. 160). Ein tone av Caroline Walla Sørli har Norsk Musikkforlag opphavsretten til, teksten til den er av Ole Theodor Moe (nr. 274).

Eit opptrykk på 30.000 eksemplar av Martin Luthers vesle katekisme var tidleg i desember til innbinding. (Kyrkpressen nr. 45, 1991, Eesti Päevaleht 4.12.91 og Seurakuntasanomat nr. 48, 1991.)

GUSTAV RÄNK 90 ÅR

Professor dr. phil. Gustav Ränk fylte 18. februar 90 år.

I 1926 begynte Gustav Ränk sitt arbeid ved Eesti Rahva Muuseum der han gjorde en viktig innsats for Estlands kulturhistorie, et arbeid som veier tungt også i internasjonal sammenheng. Ränk var sjef for nasjonal-museet i Tartu og professor i etnologi ved Universitetet i Tartu da han liksom mange andre måtte forlate landet i 1944. I eksil i Sverige har Ränk som forsker vært knyttet til Institutt for folkelivsforskning ved Stockholms universitet. Hans registreringer og vitenskapelige produksjon har blant annet betydning også for norsk forskning. Vi er mange som har nytt godt av Gustav Ränks generøse hjelpsomhet. Vi sender ham en varm takk og gratulerer hjerteligst med 90-årsdagen 18. februar.

PMT

Tillegg: Per Martin Tvengsberg var på mot-takinga i Stockholm 18.2.92 og bar fram ei helsing til Gustav Ränk frå Kulturlaget. Ränk sette stor pris på å få slik merksemd frå Noreg.

red.

IBSEN - RETTING OG TILLEGG

I førre nummer vart det feilaktig sagt at Ibsens *Gengangere* går på teatret i Tartu. Det er teatret Endla i Pärnu som etter omfattande oppussing starta sesongen 1. desember med "Kummitused". Regissøren, Ingo Normet, har valt å nytta Holbergsuite av Edvard Grieg som musikk til oppsetjinga.

Ülev Aaloe, som er kunstnarleg leiar på Endla, fortel i Postimees 18.1. at Ibsen alltid har vore mykje spelt i Estland. *Gengangere* har vore oppsett tre gonger berre på Vanemuine (1911, 1943 og 1965) og alt i alt 11 gonger på dei profesjonelle teatra.

Nett no kan ein snakka om ein Ibsen-boom med *Villanden* på Vanemuine i Tartu, *Lille Eyolf* på Ugala i Viljandi og *Nora* (Et dukkehjem) på Noorsooteater i Tallinn.

Dramateatret i Tallinn skal dessutan med det første setja opp heile tre Ibsen-stykke: *Fruen fra havet*, *Rosmersholm* og *Når vi døde våkner*. Det er planar om å arrangera ein landsomfattande Ibsen-festival i Viljandi.

TEATER OG MARKNADSØKONOMI

Teatret har vore ein sentral institusjon i estisk kulturliv. Framleis er det ti statlege teater rundt omkring i landet: Estonia, Eesti Draamateater, Vanemuine, Viljandi Draamateater Ugala, Pärnu Teater Endla, Eesti Noorsooteater (Estlands ungdomsteater), Rakvere Teater, Vanalinnastudio (Gamlebyen studio), Eesti Riiklik Nukuteater (Estlands statlege dokketeater) og Vene Draamateater (Det Russiske Teatret).

Like før Savisaars regjering gjekk av i slutten av januar, vart kulturminister Lepo Sumera sterkt angripen av teaterleiarar og andre som ottast at omorganiseringa av kulturlivet stilte teatra i fare, m.a. gjennom forslaget om desentralisering og ansvarsoverføring til lokale styresmakter. (Sirp, 24.1. 1992)

Den nye statsministeren, Tiit Vähi, utpeika sjefen på Noorsooteater til ny kulturminister, han heiter Märt Kubo. Så spørst det kva han kan utretta for kulturen med dei små midla som står til disposisjon. Kultur er dessutan meir enn teater. Forfattarane, skriveføre som dei er, har alt lenge knurra over sine tronge kår. Svolten bankar ikkje lenger på døra, han har stige innanfor. Og det står ikkje likare til på andre felt av kulturlivet.

FILM

Ein ny teiknefilm av Priit Pärn er ferdig og vart 20. januar vist i Tallinn. Sidan er han m.a. vist i Helsingfors. Den halvtimelange filmen har fått tittelen *Hotell E*, der bokstaven E kan tolkast som Europa, liksom heile filmen er Priit Pärns oppfatning av situasjonen i vår del av verda. Han fekk idéen ein aprildag i Trondheim 1990, fortalde han på ei føre-

stilling i Helsingfors der redaktøren av Kulturnytt var til stades. Arbeidet tok halvtanna år, og arbeidsgruppa var samansett av 30-40 personar.

Den føregåande filmen til Priit Pärn, *Frokost i det grøne* gjekk ein sigersgang over verda og hausta prisar alle stader. Han er vist fleire stader i Noreg, også i fjernsynet. Den nye filmen blir truleg ein like stor suksess. Det er alt gjort avtalar om festivaldeltaking og om sal til fleire land.

GRAFIKKTRIENNALEN

i Fredrikstad blir 13.8.-4.10.1992 halden for tiande gong. Med frå Estland er Avo Keerend og Vive Tolli. Den sistnemnde kjenner me mellom anna som illustratør til boka *Varulven* og andre estlandske eventyr (jfr. annonse s.11) Den drivande krafta bak triennalen har heile tida vore Herman Hebler. I fjor var bileta hans utstilte i Estland.

GLEDER OG SORGER ER TVILLINGER

heter det i et gammelt estisk ordtak. Jeg har oppdagat at det er minst like riktig i Norge. Nylig opplevde jeg det igjen.

Det var en herlig glede hos de 20 estere som kom med buss fra universitetsbyen Tartu for å spille 4 håndballkamper i Nord-Trøndelag og en i Trondheim. Nordmennenes gjestfrihet var enestående og tok nesten pusten fra gjestene. I det herligste vinterværet som tenkes kan i Nord-Trøndelag fikk de låne ski og slalåmstyr for å bli heist opp i fjellet der de kunne gå på ski en times tid. Den ene timen ble til seks timer! Og de fleste kom ned som riktige smøkjerringer. Kvinnelagets idrettslege fikk mer enn nok å gjøre med plastring, salving og sjekking. Det var det største de hadde opplevd i hele sitt liv, og en times vannpolo i bassenget med sauna til slutt ble prikken over i-en.

Neste dag var det seks timer sightseeing i Trondheim og kamp mot andredivisjonslaget Charlottenlund. Det gikk greit til 9 - 9, så

begynte esterne å merke gårdsdagen og vandrigen i Trondheim. Men ingen ville ha byttet bort dagen i fjellet med medalje eller seier. Etter turneringsseier på Meråker ble det tap på tap. Men hvor mange venner som ble vunnet, kan en bare gjette. Å oppleve alt dette sammen med esterne var en stor RÖÖM (glede).

Etterpå ble det stor MURE (sorg). Fylkeskultursjef Rolf Vestvik har lagt ned et enestående arbeid for forbindelsene mellom Nord-Trøndelag og Estland. Jeg har kunnet assistere som tolk og kontaktperson, og mange ting som har vært under utvikling, skulle til å slå ut i blomst. Nå viser det seg at vi på politisk hold ikke får den oppslutningen vi hadde håpet på. Det var en skuffelsens og sorgens dag. Det var et slag så tungt at vi klarer ikke å reise oss helt opp med en gang, men vi gjør det litt etter hvert. Om ikke det ene forsøket gav mål, så er både vi og ballen fortsatt på banen.

Ants Sormul

VARIA

* Tredje klasse ved Trondheim katedralskule dreg til Tallinn 28. februar. Dei har samarbeid med Baltikumkomiteén.

* Oppegård videregående skole får besøk av avgangsklassa på Viimsi Keskikool i mars. Meedi Neeme står for opplegget på estisk side.

* 17 estiske elevar kjem 23. mars til Jæren for ei veke. Etter å ha sett seg litt om i Oslo reiser dei 28. mars heim saman med elevar frå tredje klasse samfunn på Bryne vidaregåande skule som i sin tur skal vera ei veke i Estland. Det er Ingegerd Austbø frå Bryne, som for tida er gjestelektor i Estland, som har formidla kontakten.

* Berg gymnas i Oslo planlegg tur for nokre elevar og lærarar til Estland i mai. Gymnaset skal ha ein estisk elev neste år på International Baccalaureate-lina.

* Kråkstad skole dreg på besøk til Viimsi i juni, og ungdomskoret Justus frå Ski skal same staden i august. Dei tette kontaktane med Viimsi er resultatet av fleire års arbeid der skular, foreldre og kommunale instansar har medverka.

UNIVERSITETA

i Tartu, Riga og Vilnius skreiv 9. januar under ein avtale som betyr auka samarbeid mellom desse institusjonane. I førre nummer (nr. 5, 1991) melde me om samarbeidsavtale mellom universiteta i Oslo og Tartu. Frå årsskiftet er lektor Oddvar Støme i arbeid i Tartu. Han har tre grupper norskstudentar. I den eine har studentane eit visst grunnlag, i dei to andre er det nybyrjarar.

Tartu var den første i Baltikum til å lysa ut ei stilling i norsk, men postane i Vilnius og Riga vart likevel tidlegare bemanna. No blir det arbeidd for at det alt i sommar skal bli sommarkurs for baltiske norskstudentar i Trondheim, og det er forslag om å leggja til rette for ti estatar i den samanhengen.

Støme fortel om praktiske problem av mange slag, men han er full av pågangsmot og let seg ikkje avskrekka. Det bør nemnast at han fekk tilbod om lektorat i Stockholm også, men valde Tartu.

STIPEND FRÅ NAVF PÅ DET NORSKE BALTIKUM-PROGRAMMET

- * Jüri Saarnit 1 mnd. Institutt for sosiologi, Univ. i Bergen
- * Raivo Vetik 2 veker. Inst. for statsvitenskap, Univ. i Oslo
- * Margit Sutrop 5 mnd. Inst. for britiske og amerikanske studier, Univ. i Oslo

STIPEND FRÅ NAVF PÅ DET NORDISKE BALTIKUM-PROGRAMMET

Dette nummeret av Kulturnytt går til mangfaldiggjering før utdelinga til estatar er heilt klar.

Det kom inn 17 søknader frå nordmenn som hadde/planla prosjekt i Baltikum. Inn-

stilte til Estland vart:

*Berit og Ivar Otto Iversen, 3 veker. Lærarhøgskulen i Tallinn

*Ingrid Gjertsen, 2 mnd delt mellom senter for folkekultur i Tallinn og etnologisk avdeling i Klaipeda (Litauen).

HEI!!

VIL DU HA EIN BREVVENN I ESTLAND??

Mange norske skuleelevar har skaffa seg brevvenn i Estland. Dei skriv på engelsk, og trafikken er livleg. Kulturlaget formidlar brevvennkontaktar. Framgangsmåten er følgjande:

Dersom du vil ha brevvenn i Estland, skaffar du deg eit prospektkort som f.eks. viser heimstaden din. På adressesida skriv du di eiga adresse på rette måten etter norsk skikk. Pass på at du skriv leseleg skrift, for ein estar greier ikkje å gissa seg til kva det skal vera. Lat det vera tydeleg kva som normalt skal vera store og kva som er små bokstavar. På tekstdelen av kortet skriv du litt om deg sjølv: alder, interesser, osv. Dessutan om du er gut eller jente og om du vil brevveksle med ein gut eller med ei jente.

Kortet sender du i ein konvolutt til redaktøren i Kulturnytt. Portoen til Finland er som i Noreg for vanlege brev, til Estland er portoen som til andre land i Europa.

Språkspalta

Frå og med dette nummeret av Norsk-Estisk Kulturnytt opnar vi for ei fast spalte - Språkspalta, redigert av Trond Trosterud. Formålet med spalta er å spre kunnskap om estisk språk, og dermed gjøra det lettare å komma i kontakt med estatar. Vi vil og prøve å svare på spørsmål frå lesarane, om dei skulle dukke opp. Skriv viss det er noko du lurar på!

Uttale av estisk og finsk

Temet for den første språkspalta vår er korleis ein skal uttale estisk, særleg estiske namn. Finsk er teke med i same slengen, fordi dei to ortografiske systema er svært lik, og fordi nordmenn i austerled kjem borti både finnar og estatar. Både finsk og estisk rettskriving er fonematiske, dvs. det er eit ein-til-ein-forhold mellom lyd og bokstav (i estisk er samsvaret ikkje *heilt* perfekt), så det er lett å uttale finsk og estisk riktig.

Trykk og lengde

Opprinneleg har både norsk, finsk og estisk trykk på første staving. Finsk har konsekvent halde på denne regelen, slik at dei *alltid* har trykk på første stavinga, både i ekte finske ord og i framandord: *Koivisto*, *hotelli*. Estisk og mange norske dialektar har tatt over trykkmønsteret frå kjeldespråket når dei har lånt inn nye ord: (estisk:) *hotell*, *parkett*. Som ein tommelfingerregel kan ein seie at viss det er mogleg å kjenne att eit estisk ord som t.d. eit tysk, latin eller russisk lånnord, skal ordet ha den trykkplasseringa det har i kjeldespråket. Viss det er umogleg å kjenne det att er det sannsynlegvis eit estisk ord, som dermed skal ha trykket på 1. staving. Det same gjeld estiske namn.

Trykk blir markert som høgtone, dvs. på den måten som er vanleg i dei fleste språka i verda, m.a. i vestnorsk tonelag 1, men som er tvert i mot austnorsk tonelag 1 (som markerer trykk med lågtone). Eit namn som *Tiina* blir m.a.o. uttala omtrent som i vestnorsk, og *ikkje* som i austnorsk (på norsk skrivje *Tina*). Det er ikkje vanskeleg:

Berre lat som om du skal fortelje ein finskeviits (evt. bruk vestnorsk tonefall), og du får tilnærma rett resultat.

Estisk og finsk har den same regelen for lengde: Korte lydar blir skrivne med enkeltbokstav, lange lydar med dobbelbokstav. Estiske namn: *Teet*, *Kaarina*, *Riina* har alle lang førstevokal, mens (NB!) *Anu*, *Ave*, *Nele* har berre korte lydar, omtrent som nordgubrandsdalske uttale av t.d. *Vågå*. Dobbeltkonsonant betyr at konsonanten er lang: *Pille*, *Henno*.

Uttale av vokalane

Finske og estiske vokalar blir *alltid* uttala på same måten, uavhengig om dei er lange eller korte, i trykksterk eller trykksvak posisjon. Bokstavane har same lydverdi som dei har i det internasjonale fonetiske alfabetet IPA. Den store skilnaden mellom finsk/estisk og norsk er at estisku og *o* alltid blir uttalt som i tysk *Gutenberg* og *Gott*, eller som i norsk *sukker* og *godt* (IPA [u] og [o]). *y* (estisk ortografi har *ü*, men det er same lyd som den finske *y*) skil seg frå norsk: Både finsk og estisk *y/ü* blir uttala som tysk *ü* i *Düsseldorf*, og ikkje som norsk *y*. For alle andre enn nordmenn (og svenskar) høyras den norske *y*-en ut som *i*. Estisk og finsk (og svensk) *ä* og *ö* tilsvarar norsk *æ* og *ø*, det er berre ein ortografisk skilnad. Resten av vokalane blir uttala som på norsk, bortsett frå den estiske *õ* (t.d. i namnet *Põld*), som ikkje finst i norsk (eller i finsk). *õ* symboliserer den same lyden som russisk *о* eller tyrkisk *ı*, så for dei som kan russisk eller tyrkisk. For oss andre: *õ* er ein *bakre*, *øvre*, *urunda* vokal, som ein får fram med å seie *i*, og deretter seie *o* (dvs. [u]) *utan å røre på leppene*. Det er ikkje lett, så bruk ein spegel til å prøve deg fram. Resultatet høyras ikkje spesielt pent ut, men det er mest ein vanesak.

Uttale av konsonantane

blir temaat for neste nummer. Følg med, følg med.

Trond Trosterud

ADRESSELISTA

har ein del rettingar, særleg i den estiske delen! Alle telefon- og faksnummer til Estland byrjar med 095-7-014-. (Tilsvarende til Latvia 095-7-013- og til Litauen 095-7-012-). Til dette kjem så innanlands retningsnummer (eks. Tallinn 2, Tartu 34, Haapsalu 47, Kuressaare 45, Narva 35, Paide 38, Pärnu 44, Rakvere 32, Rapla 48, Viljandi 43, Võru 41, osv. osv.) Kulturlaget tek ikkje ansvar for eventuelle feil eller forandringar.

ADRESSER I ESTLAND:

Kgl. Norske Ambassade
Suur-Amerika 1
200001 Tallinn

Ambassadør: Brit Løvseth
Ambassadeskr.: Svein Tobiassen
Tlf. 44 16 00, 68 26 66

Nordisk ministerråds informasjonskontor
(Põhjamaade ministritenõukogu infobüroo)
Tolli tänav 3, 200001 Tallinn

Tlf.: 60 12 38, mobiltlf. 949 354 124
Faks: 44 11 13
Leiar: Leo Salonen, sekr.: Eha Vain
NMT +358-49-207 350

Eesti Instituut
Sakala 3
200001 Tallinn

Tlf.: 44 35 55
Faks: 69 18 77
Leiar: Kaja Tael

Eesti-Norra Selts

Leiar: Jaak Kangilaski, sekr.: Eha Vain
adr. og tlf. som for Nordisk ministerråds inf.ktr.

Põhjale-ühing

Leiar: Sven Lindström, sekr. Merle Erm
adr. og tlf. som for Nordisk ministerråds inf.ktr.

Eesti Saami Ühendus

Leiar: Mikk Sarv
Lõuna 5 - 20 Tlf. (095-7-014-48-) 55 769
203500 Rapla

ANDRE ADRESSER:

Norsk-estisk studiehjelp
Postboks 91 Ljan
1113 Oslo

postgiro 0824-0295629

Estlandsforeninga i Rogaland
v/ Willy Jensen
Gauselvågen 52, 4032 Gausel

Tlf.: 04 - 57 57 55

Baltikumkomiteen
v/ Studentutvalget AVH
Universitetet i Trondheim
7055 Dragvoll

Leiar: Triinu Wiiburg
Tlf. og faks: 07 - 59 67 42
Kontortid onsd og torsd kl 13 - 14

SOS Baltikum
Urtegata 50
0187 Oslo

Tlf.: 02 - 19 15 55, Faks: 02 - 57 00 88
Leiar: Inge Mannsåker
Kontorsekr.: Guri Rusten

Den Norske Helsingforskomiteen
Boks 8261 Hammersborg
0129 Oslo

Tlf.: 02 - 57 00 70
Faks: 02 - 57 00 88

SOS-Barnebyer
Postboks 2478 Solli
0202 Oslo

Tlf.: 02 - 43 71 20
Faks.: 02 - 43 73 75
Generalsekr. Ulf K. Dahl

Kulturlaget Norge-Latvija, adr. som for Foreininga Norden, sjå nedanfor

Foreininga Norden
Harbitzalléen 24
0275 Oslo

Tlf.: 02 - 50 69 00
Faks: 02 - 73 17 63
Generalsekr. Harald Løvaas

Tuglas-seura
Mariégatan 8 B
SF - 00170 Helsingfors

Tlf.: (095-358-0-) 66 96 17
Faks: (095-358-0-) 66 96 15
Leiar: Eva Lille

Estlands Ambassade
H.C. Andersens Boulevard 38
DK - 1553 København V

Ambassadør: Arvo-Jürgen Alas
Tlf.: (095-45-33) 933462 el. 931867
Faks: (095-45-33) 91 30 99

Estlands konsulat
St. Olavsgate 27
0166 Oslo

Honorær konsul: Arve Røys Stranden
Tlf.: 02 -
Tlf. konsulen privat: 12 48 82

Estlands Ambassade
Rådmansgt. 18
S - 11 425 Stockholm

Ambassadør: Margus Laidre
Tlf. (095-46-8-) 10 99 81 el. 10 99 86
Faks (095-46-8-) 10 77 44

Baltiska Institutet
Virebergsvägen 18
S - 171 40 Solna

Person: Ivo Ilste
Tlf. (095-46-8-) 730 0706 el. 730 0708
Faks (095-46-8-) 730 0709

ABONNEMENT PÅ KULTURNYTT

Det går an åinga Norsk-estisk kulturnytt frå Kulturlaget, Harbitzalléen 24, 0275 Oslo. Prisen er kr 100 for 1992, og pengane skal betalast til postgirokonto 0823 0985414. Bladet kjem med 4-6 nummer per år. I 1991 var det fem nummer. Me gjer merksam på at abonnement og medlemskap ikkje blir rekna skilt frå kvarandre.

OPPLAGSTAL

I nummer 5, 1991 var opplagstalet oppgitt til 750, men det faktiske opplaget var 800. Opplagstala for i fjor var elles følgjande: Nr. 1 - førsteopplag 250 pluss tre tilleggsopplag gir totalt 440 eksemplar hittil; nr. 2 - førsteopplag 301 pluss to tilleggsopplag gir totalt 485; nr. 3 og nr. 4 - førsteopplag 701, førebels ingen tilleggsopplag. I 1992 begynner me med 1.000 eksemplar for nummer 1.

NORSK-ESTISK KULTURLAG

Harbitzalléen 24, 0275 Oslo.

Postgiro 0823 0985414.

Kontorsekr.: Mariann Rygge, tlf. 02 - 50 69 00.

Adresser til styret (valde på årsmøtet i april 1991):

Leiar:	Ole Harald Flåten, Harbitzalléen 24 0275 Oslo	tlf. 02 - 50 69 00/ tlf. priv. 033 - 81 448 faks: 02 - 73 17 63
Nestleiar:	Per Martin Tvengsberg, Østre Disen 2300 Hamar	tlf. 065 - 23 468
Skrivar:	Turid Farbregd, Granvägen 14 A 36 SF - 00270 Helsingfors	tlf. +358-0-477 1 488 faks: +358-0-1912506
Kasserar:	Tuula Eskeland, Postboks 1030 Blindern 0315 Oslo	tlf. 02 - 85 67 82 /14 52 88 faks: 02 - 85 43 10
Styremedlem:	Enel Melberg, President Harbitzgate 19 0259 Oslo	tlf. 02 - 44 48 98
Varamedlemmer:	Christoffer Kahrs, Solveien 135 1169 Oslo Marianne Sødal, Oscarsgate 9 0352 Oslo	tlf. 02 - 28 61 39 tlf 02 - 60 76 48